

Statsforvaltaren i Vestland
Njøsavegen 2
6863 LEIKANGER

Referanser:
Dykkar:
Vår: 21/4215 - 21/50093

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
13.07.2021

Søknad om dispensasjon frå LNF formål til utfale - gbnr 351/13 Landsvik

Saka gjeld søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for oppretting av eigedom som skal nyttast til oppføring av driftsbygning for fritidseigedom gbnr 351/78. Omsøkte parsell er på om lag 600 m² og skal eigast av gbnr 351/78. Eigdommen har tilkomst til Fylkeskommunal veg via privat veg.

Søknaden er nabovarsla i tråd med plan- og bygningslova § 21-3. Det ligg ikkje føre merknader til nabovarselet.

Planstatus

Eigedommen ligg i uregulert område innanfor det som i kommunedelplan for Meland sin arealdel er definert som LNF-føremål.

I gjeldande kommunedelplan står det fylgjande;

3.1 *Landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF-område), pbl § 11-7 nr. 5*

Føremålet gjeld landbruks-, natur-, og friluftsområde med naudsynte tiltak for landbruk og gardsbasert næringsverksemd basert på garden sitt ressursgrunnlag, jf. pbl § 11-7 nr. 5, a).

VURDERING


Dispensasjon

Det er søkt om dispensasjon frå LNF-føremålet i gjeldande kommunedelplan for Meland. Det kjem fram av søknaden at parsellen skal seljast til eigar av gbnr 351/78 og skal nyttast til oppføring av driftsbygning. Bygget skal nyttast til oppbevaring av diverse utstyr nytta i drifta av fritidseigedommen.

Søkjær opplyser at omsøkt parsell ikkje har jordbruksverdi for hovudbruket, ligg i utkanten av bruket og har ei arrondering og bonitet som ikkje kan nyttast til jordbruksdrift.

Omsøkt areal er registrert som skog i Gardskart.
Det er også søkt om dispensasjon frå bygge- og delegrense mot sjø.

Sjå vedlagt dispensasjonssøknad datert 29.04.2021 for meir informasjon.



Frå situasjonskartet

Frå Gardskart

Veglova

Søkjar er opplyst om at det må søkjast om utvida bruk av avkøyrsla mot fylkesveg 5318 Skjelangervegen og at rett til bruk av privat veg må vera sikra. Det er ikkje søkt om utvida bruk av avkøyrsla eller lagt fram erklæring om vegrett.

Jordlova

Ber om vedtak etter jordlova frå landbrukskontoret. Søknad om frådelling må vera handsama etter jordlova før den kan handsamast etter plan- og bygningslova.

Søknaden vert likevel sendt på høyring til regionale mynde.

Frist

Frist for uttale er 4 veker frå oversendinga, jf. pbl. § 21-5 (3).

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Kjartan Medaas
avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om disp. frå Pbl. prg. 1-8. m.m.
Søknad om dispensasjon fra arealdelen - gbnr 351/13 Landsvik
Signert søknad om frådelling.
Kart M = 1 1000
Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 351/13 Landsvik

Kopi til:

Jens H N Bjordal

Grønlandsvegen 11

5918

FREKHAUG

Mottakrar:

Landbruk

Statsforvaltaren i Vestland

Vestland fylkeskommune

Postboks 4

Njøsavegen 2

Postboks 7900

5906

6863

5020

FREKHAUG

LEIKANGER

BERGEN